


Stiftinga  
Det Norske Samlaget

Årsmelding og rekneskap  
2023



# Årsmelding 2023

## Vedtekten § 1

Stiftinga Det Norske Samlaget er ei sjølveigande, forretningsdrivande stifting som har til oppgåve å gi ut skrifter på nynorsk og norske målføre. Stiftinga skal fremje kunnskapen om norsk mål og odle og styrke nynorsken som kulturmål i litteratur, undervisning og alt samfunnsliv elles.

## Verksemda/samfunnsoppdraget

Samfunnsoppdraget til Samlaget er å syte for at det finst eit rikt utval av nynorsk litteratur på tvers av sjangergrensene. Forlaget bruker derfor store ressursar på å rekruttere og utvikle nynorskskrivande og samstundes syte for brei distribusjon av litteraturen i alle format og former.

## Nokre høgdepunkt

Etter 95 års venting vann igjen ein norsk forfattar Nobels litteraturpris. Jon Fosse har vore mellom dei framste kandidatane i lang tid og i 2023 var det hans tur. Den Svenska Akademien grunngav prisen på følgjande vis: *«för hans nyskapande dramatik och prosa som ger röst åt det osägbara.»*

Det Norske Samlaget er blitt eit av veldig få forlag verda rundt som kan kalle seg eit ekte Nobel-forlag.

## Litterære utmerkingar til forfattarar og illustratørar på Samlaget:

- Nobels litteraturpris 2023 til Jon Fosse
- Brageprisen for barn og unge til Maria Parr
- KUD bildebokprisen og Nynorsk barnelitteraturpris til Markus Lantto
- Subjektpisen til Odd Isungset
- Doblougprisen til Brit Bildøen
- Bibliotekets litteraturpris til Bjørn Hatterud
- Samlagsprisen til Alfred Fidjestøl
- Trollkrittet (NBUs debutantpris) til Therese Garshol Syversen

## Elles frå drifta:

- Nesten alle tilsette i Samlaget var til stades under Jon Fosse si Nobel-førelesing 7. desember i Stockholm. Saman med Litteraturhuset i Oslo arrangerte Samlaget eit Fosse-program frå 7. til 10. desember. Fleire av innslaga blei overførte direkte på NRK TV 1/2.
- 10 studentar gjennomførte Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring i 2023. Til saman har no 21 studentar gjennomført skulen. 10 nye studentar er tekne opp til studiet i som startar i januar 2024. Fleire av studentane frå dei første to kulla har hatt tekstar publiserte i Syn og Segn, og nokre er alt i samarbeid med redaksjonane i Samlaget.

- Etter annonseringa av nobelprisen 5. oktober trykte Samlaget største delen av Jon Fosse sin prosaforfattarskap med nytt design kalla Nobel-serien. Serien blei utseld alt dei første dagane, og det blei gjort fleire opptrykk.
- Mange hadde venta på ei ny bok frå Maria Parr. *Oskar og eg* vann Brageprisen og runda 15 000 selde eksemplar. Noko som er eksepsjonelt første hausten.
- For barn og unge kom det nye bøker frå Kari Stai, Ruth Lillegraven, Anja Dahle Øverbye, Sigmund Løvåsen, Ida Eva Neverdal, Sigmund Løvåsen (Brage-nominert), Tor Arve Røssland, Peter F. Strassegger (nominert til U-prisen), Kari Mathilde Hestad, Marianne Getteberg Engedal, Martine Grande, Trude Tjensvoll, Åshild Irgens, Ingunn Thon og Sigrid Agnethe Hansen.
- Sakprosatitlane var skrivne av Bjørn Hatterud, Håvard Ovesen, Birger Berge, Ståle Eskeland, Kristin Fridtun, Alfred Fidjestøl, Odd Isungset, Thomas Digervold og Line Nagell Ylvisåker. Særleg *Blodspora frå Dagaliveien* av Odd Isungset om Rushdie-saka og attentatet mot William Nygaard, *Klok kvinne eller digg dame* av Kristin Fridtun og *Blokka på Bjerke* av Bjørn Hatterud fekk stor merksemd.
- 2023 var ein sterk romanhaust på Samlaget. Tore Kvæven, Britt Bildøen, Dordi Strøm, Øystein Orten og Maren Barlien (debutant) kom med sterke romanar. Gaute M. Sortland og Aina Basso kom med nye noveller og Einar Økland med ny lyrikk.
- Vårlista starta med romanen *Kvitleik* av Jon Fosse, følgd av romanar frå Oskar Stein Bjørnlykke, Therese Bakkevoll (debutant) og Ragnhild Kolden. Ny lyrikk kom frå Kaisa Aglen, Ellen Løvhaug Harrison og Martin Ingebrigtsen. Gjendiktingar av Johannes Gjerdárker. Og sist, men ikkje minst ny dramatikk frå Jon Fosse, *I svarte skogen inne*, og ei samling skodespel av Kristin Auestad Danielsen.
- Frå redaksjonen for høgare utdanning kom det 11 nye titlar. Redaksjonen held oppe satsinga på profesjonsetikk og lanserte to nye titlar på felta sosialt arbeid og barnevernspedagogikk.

## **Marknadssituasjonen**

Den norske allmennmarknaden for litteratur gjekk ifølgje Bransjestatistikken tilbake med 1,2 prosent, med strøymetenestene haldne utanom. Lytting til lydfiler utgjer no rundt halve forbruket av litteratur. Det samla salet av litteratur gjekk opp med 25%. Salet til bibliotek gjennom Kulturrådet gjekk ned med 10 prosent frå 2022. E-boksalet gjekk fram med 4 prosent, men utgjer framleis under 2 prosent av litteratursalet totalt. Inntektene frå sal av lyd for nedlasting og strøyming gjekk fram med 67 prosent. Bak den sterke framgangen står katalogen til Jon Fosse som gjennom utgivinga av Nobelserien fekk eit kraftig løft. Men også den store katalogen av lydfiler byrjar for alvor å gi resultat. Største hindringa for vidare vekst på lydfeltet er at marknaden er dominert av ein stor forlagseigd tenesteleverandør som ser ut til å prioritere eige forlags utgivingar. Det betyr mellom anna at Samlaget sine lydbøker for den yngste aldersgruppa ikkje blir distribuert av marknadsleiaren. Det er å anta at dette hemmar utbreiinga og tilgangen til barnelitteratur på nynorsk. Forlagsleiinga arbeider gjennom fleire kanalar for å løyse distribusjonsproblema som har oppstått i leverandølleddet.

## **Overordna mål**

Samlaget skal vere:

- eit leiande skjønnlitterært forlag – og den viktigaste aktøren for nynorsk litteratur
- eit samfunnsengasjert forlag med rot i det motkulturelle
- eit forlag som tek språk på alvor
- eit forlag som prioriterer kvalitet i alle sjangrar: skjønnlitteratur, sakprosa, pensumlitteratur og ordbøker

## **Forretningsidé**

Samlaget skal tilby lesaren eit breitt utval av nynorsk litteratur gjennom å utvikle forfattarskapar og selje litteratur av høgaste kvalitet.

## **Årsrekneskapen**

Årsrekneskapen er sett opp ut frå føresetnaden om vidare drift. Årsresultatet etter skatt for 2023 blei på 3,9 millionar kroner mot minus 5,4 millionar kroner i 2022. Dei totale driftsinntektene enda på 76 millionar kroner mot 67,3 millionar kroner i 2022. Omsetningsveksten kjem av to grunnar. Nobelprisen til Jon Fosse løfta salet av bøkene hans. Og inntektene frå strøyming av lydfiler vokser kraftig. Varekostnadane er monaleg lågare enn i 2022. Papirkostnadane har stabilisert seg på eit lågare nivå. Det er også gjennomført tiltak for å få dei totale trykkekostnadane ned. Dessutan er porteføljen av titlar for 2023 annleis. Alle desse elementa har bidrige til å redusere den totale varekostnaden.

Styret legg til grunn at drifta held fram, og stadfestar at føresetnadene som rekneskapen er gjord under, er til stades.

Grunnkapitalen var 8 millionar kroner per 31.12.2023, og forlaget hadde 30,3 millionar kroner i annan eigenkapital. Styret har fastsett at årsresultatet etter skatt i 2023 på 3,9 millionar kroner blir ført mot annan eigenkapital. Forlaget har etter dette ein eigenkapitalandel per 31.12.2023 på 64 prosent.

Det Norske Samlaget har forretningskontor i Oslo.

## **Styret**

Fra våren 2019 blir styret i Stiftinga, utanom tilsettrepresentanten, valt av årsmøtet i Litteraturselskapet. Medlemmer i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har røysterett på årsmøtet.

Fram til årsmøtet i Litteraturselskapet 26. april 2023 var desse med i styret: John-Ragnar Aarset (styreleiar), Solrun Toft Iversen, Olin Johanne Henden, Bjarne Tormodsgard, Sigrun Høgetveit Berg og Erik Bolstad. Varamedlemmer: Svein Olav Langaker og Eli Ulvestad. Valde av dei tilsette: Cecilie Seiness som styremedlem og David Allan Aasen som varamedlem.

Etter årsmøtet har styret vore samansett slik:

John-Ragnar Aarset (styreleiar), Solrun Toft Iversen, Olin Johanne Henden, Stig Haug, Sarah Sørheim. Varamedlemmer: Svein Olav Langåker og Eli Ulvestad. Valde av dei tilsette: Cecilie Seiness som styremedlem og David Allan Aasen som varamedlem.

## **Finansiell risiko**

*Marknadsrisiko:* Forlaget er eksponert mot endringar i rentenivået, delar av innskotet har flytande rente og gir avgrensa avkastning på grunn av det generelle rentenivået. Selskapet har også 17 millionar kroner plassert i pengemarknadsfond og aksjefond med moderat til låg risiko.

*Kreditrisiko:* Brutto kreditrisiko på balansedagen utgjer kundefordringar på totalt 16,8 millionar kroner. Det er ikkje inngått avtalar om motrekning eller andre finansielle instrument som minimerer risikoen i forlaget.

*Likviditetsrisiko:* Styret vurderer likviditeten i selskapet per 31.12.23 som god. Likviditetsprognosene for 2024 er god.

## **Helse, miljø og tryggleik**

Det totale sjukefråværet siste året var på 5,74 prosent av total arbeidstid, mot 7,6 prosent i 2022. Det Norske Samlaget har avtale om «Inkluderande arbeidsliv». Det er ikkje rapportert om skadar eller ulykker på arbeidsplassen siste året. Forlagsdrifta fører ikkje med seg ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Forlaget har kjeldesortering.

## **Likestilling og mangfold**

Ved utgangen av 2023 var kvinnedelen i leiinga på 33 prosent og delen kvinner i styret på 67 prosent. Fordelinga varierer frå år til år, og det blir alltid gjort val av underrepresentert kjønn, både ved tilsetjingar og ved val av styrerepresentantar, dersom kvalifikasjonane elles er like. Prinsippet om lik lønn for likt arbeid blir halde ved like gjennom eige lønnssystem. Forlaget har eit overordna likestillingsmål som er utarbeidd i samarbeid med dei tillitsvalde. Dette ligg til grunn for likestillingsarbeidet i verksemda.

Samlaget har tilsette med minoritetserfaring. Det systematiske arbeidet med å auke mangfaldet i utgivingane våre held fram og skjer gjennom redaksjonane. Pr 31.12.23 har to kull med til saman 21 studentar fullført Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring. Forfattarskulen under leiing av Therese Tungen har teke opp 10 nye studentar som starta i januar 2024. Forfattarskulen er eit samarbeid mellom tenketanken Minoten og Samlaget.

## **Utsiktene for 2024 – føresetnad for vidare drift**

Allmennbokmarknaden utan strøymetenestene gjekk tilbake med 1,2 prosent i 2023. Med inntektene frå strøymetenestene gjekk forlagsinntektene opp med 1%. Det skjer ei flytting frå lesing til lytting. Det blir likevel framleis lese sær mykje i Noreg samanlikna med resten av Europa.

Etter fleire år med tunge investeringar i utviklinga av ein lydkatalog ser me no at dette genererer ein fin vekst i omsetninga. Distribusjonsproblema er derimot ikkje løyste. Styret er oppteke av at mangfaldet blir teke vare på i strøymekanalane, og vil følgje opp arbeidet med å sikre brei distribusjon. Samlaget har som mål å vere berekraftig posisjonert i marknaden og kunne ha eit attraktivt tilbod til forfattarar på eine sida, lyttarar og lesarar på andre sida. Samlaget vil framleis arbeide for å etablere e-boka som eit fullgott alternativ og ser veksten i 2023 som eit godt steg framover.

Samlaget har fått mykje merksemrd etter at Jon Fosse fekk nobelprisen i litteratur. Det forpliktar, og det gir mange mogelegheiter for utvikling.

Ved inngangen til 2024 er kostandsnivået i bransjen framleis ei bekymring. Det er også knytt spenning til korleis litteraturmarknaden totalt vil utvikle seg etter endå eit år med nedgang innanfor allemannfeltet.

Styret vil rette ei varm takk til det store laget som er engasjert i og rundt Samlaget. Forfattarane, illustratørane, omsetjarane, alle frilansarane, frivillige og tilsette utgjer Samlaget og gjer ein stor og sterkt innsats for den nynorske litteraturen. Takka omfattar også medlemmene av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Vennelaget Samlagsrota og dei nærskyldne nynorskinstitusjonane som Samlaget samarbeider tett med.

Oslo, 28. februar 2024

John-Ragnar Aarset  
styreleiar

Sarah Sørheim

Stig Haug

Olin Johanne Henden

Cecilie Seiness

Svein Olav Langaker

Edmund Austigard  
adm. direktør

# Resultatrekneskap

Stiftinga Det Norske Samlaget

Alle tal i heile tusen

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Driftsinntekter			
Salsinntekt		50 903	42 879
Andre driftsinntekter	1, 2	25 108	24 428
Sum driftsinntekter		<b>76 011</b>	<b>67 306</b>
Produksjonskostnader		28 767	31 447
Lønnskostnad	3	24 906	25 821
Avskriving	4	138	115
Tap på fordringar	5	480	105
Andre driftskostnader		17 016	16 812
Sum driftskostnader		<b>71 309</b>	<b>74 300</b>
Driftsresultat		<b>4 702</b>	<b>-6 993</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		436	262
Anna finansinntekt		92	87
Pantegjeldsrenter		0	-9
Annan finanskostnad		-103	-104
Resultat av finanspostar		<b>424</b>	<b>237</b>
Resultat før skatt		5 127	-6 757
Skattekostnad på resultat	6	1 230	-1 335
Resultat		<b>3 897</b>	<b>-5 421</b>
<b>Ekstraordinære inntekter og kostnader</b>			
Årsresultat		<b>3 897</b>	<b>-5 421</b>
<b>Overføring</b>			
Overføring fra annan eigenkapital	7	-3 897	5 421
Sum overføringer		<b>3 897</b>	<b>-5 421</b>

# Balanse

Stiftinga Det Norske Samlaget

	Note	2023	2022
<b>Egedelar</b>			
<b>Anleggsmidlar</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	<b>6</b>	1 610	2 797
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>1 610</b>	<b>2 797</b>
<b>Varige driftsmidlar</b>			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o.l.	<b>4</b>	216	269
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>216</b>	<b>269</b>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Aksjar og verdipapirfond	<b>8</b>	17 027	16 725
Andre langsiktige krav		177	0
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>17 204</b>	<b>16 725</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>19 029</b>	<b>19 791</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varelager	<b>9</b>	1 638	2 650
Kundefordringar	<b>5</b>	16 833	10 160
Andre fordringar		1 627	1 347
Bankinnskot, kontantar og liknande	<b>10</b>	20 838	13 572
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>40 937</b>	<b>27 730</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>59 965</b>	<b>47 521</b>

# Balanse

Stiftinga Det Norske Samlaget

	Note	2023	2022
<b>Eigenkapital og gjeld</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	7	8 000	8 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>8 000</b>	<b>8 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	7	30 329	26 729
<b>Sum oppent eigenkapital</b>		<b>30 329</b>	<b>26 729</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>38 329</b>	<b>34 729</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørar		2 194	2 033
Betalbar skatt	6	64	102
Skuldige offentlege avgifter		4 564	3 039
Skuldig royalty		8 000	3 715
Tilskot bøker i arbeid		0	203
Anna kortsiktig gjeld		6 815	3 699
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>21 637</b>	<b>12 791</b>
Sum gjeld		<b>21 637</b>	<b>12 791</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>59 965</b>	<b>47 521</b>

# Balanse

Stiftinga Det Norske Samlaget

Oslo, 28.02.2024

Styret i Stiftinga Det Norske Samlaget

---

Edmund Austigard  
dagleg leiar

---

Cecilie Seiness  
styremedlem

---

John-Ragnar Aarset  
styreleiar

---

Olin Johanne Henden  
styremedlem

---

Solrun Toft Iversen  
styremedlem

---

Stig Hjerkinn Haug  
styremedlem

---

Sarah Elisabeth Sørheim  
styremedlem

## **NOTAR TIL REKNESKAPEN**

### **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reknesakslova 1998 og god reknesaksskikk for små føretak. Han byggjer på dei grunnleggjande rekneskapsprinsippa om historisk kost, samanstilling, kongruens, aktsemd og at drifta held fram. Alle tall vises i heile tusen.

### **Salsinntekter**

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Med leveringstidspunktet er det meint tidspunktet for overføring av risiko og kontroll knytt til levert vare.

### **Utviklingskostnader**

Alle kostnader knytte til prosjekt og marknadstiltak blir belasta rekneskapen etter kvart som dei kjem på.

### **Skatt**

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. I tillegg til ordinær skatt på overskot betalar stiftinga formuesskatt på netto formue. Betalbar skatt er utrekna på grunnlag av det skattemessige resultatet for perioden. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelte skilnadene mellom reknesaks- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av reknesaksåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelte skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunngitt med venta framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast, er oppført netto i balansen.

### **Klassifisering og vurdering av balansepostar**

Eigedelar bestemte til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Eigedelar som er knytte til varekrinsløpet, er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar er klassifiserte som omløpsmidlar dersom dei skal betalast tilbake innan eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt, til grunn.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurderte til kostpris. Varige driftsmidlar er balanseførte og blir avskrivne over driftsmidle si økonomiske levetid. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### **Varige driftsmidlar**

Varige driftsmidlar er balanseførte og avskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har ei vurdert levetid over 3 år og ein kostpris som overstig kr 15 000. Vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbeteringar er lagde til driftsmidelen kostpris og avskrivne i takt med driftsmidelen. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbeting er rekna i forhold til den stand driftsmidelen er i ved kjøp.

## **Leasing**

Forlaget har berre leasingavtalar som blir klassifiserte som operativ leasing. Leasing av driftsmidlar er kostnadsført. Forskotsbetalingar er balanseført som forskotsbetalte kostnader og fordelt over leasingperioden.

## **Aksjar og andre verdipapir**

Aksjar for varig eige blir ført i balansen som anleggsmidlar til historisk kost, eventuelt nedskrivne til verkeleg verdi dersom denne er lågare og dette ikkje berre er kortvarig. Motteke utbytte blir registrert som inntekt i det året det er blitt motteke.

## **Investeringar i andre selskap**

Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre selskap. Utbytte frå investering i andre selskap blir rekneskapsført som finansinntekt når utbytte er vedteke.

## **Varelager**

Boklageret er verdsett rekneskapsmessig til lågaste av kostpris eller salspris fråtrekt salskostnader på dei bøkene som er rekna med vil bli selde. I utrekninga av kostpris er det teke omsyn til direkte tilskot til den enkelte boka. Det blir gjort nedskrivning for pårekneleg ukurans.

## **Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er oppførde i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

## **Andre fordringar**

Forskotsbetalt ikkje opptent royalty klassifiserast i balansen under andre fordringar. Forskotsbetalingar som ikkje er opptent og eldre enn tre år tapsførast. I tillegg er det gjort individuelle vurderingar av dei gjenståande uteståande fordringane.

## **Pensjonar**

Selskapet har ei innskotsbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetaling til forsikringsselskap. Selskapet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskot er betalt. Innskot rekneskapførast som lønnskostnad..

## Note 1 Tidsskriftsal

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Syn og Segn	287	80
<b>Sum</b>	<b>287</b>	<b>80</b>

## Note 2 Tilskot

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Statstilskot	22 065	21 435
Skuleboknemnda til Studentmållaget i Oslo	-265	-257
Andre tilskot	2 367	2 492
<b>Sum</b>	<b>24 167</b>	<b>23 670</b>

## Note 3 Lønnskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

<b>Lønnskostnader</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Lønningar	20 208	20 007
Arbeidsgivaravgift	3 154	3 212
Pensjonskostnader inkl. aga	662	1 585
Andre ytingar	882	1 018
<b>Sum</b>	<b>24 906</b>	<b>25 821</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette i 2023 er 24.

## Pensjoner

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Lønn	1 709	421
<b>Sum</b>	<b>1 709</b>	<b>421</b>

Selskapet har overfor dagleg leiar forplikta seg til å yte eit sluttvederlag som tilsvrar 75 % av gjeldande årslønn på oppseiingstidspunktet. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærståande partar. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

## Revisor

Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2023 utgjer 254.

I tillegg kjem honorar for andre tenester med 68.

Revisjonshonoraret er eksklusiv meirverdiavgift.

## **Styreonorar**

Styreonorar dekkjer både styret i Stiftinga, styret i Litteraturselskapet (medlemslaget) og styret i Rådet. Beløpet deler seg slik på dei:  
Stiftinga Det Norske Samlaget: 321  
Litteraturselskapet: 17  
Rådet: 22  
**Totalt: 361**

## **Note 4 Anleggsmidlar**

	<b>Driftslausøyre, inventar o.l.</b>
Innkjøpskostnad per 01.01.2023	7 698
Tilgang kjøpte anleggsmidlar	85
<b>Innkjøpskostnad 31.12.2023</b>	<b>7 783</b>
Avskrivningar og nedskrivningar per 01.01.2023	7 429
Ordinære avskrivningar i år	138
<b>Avskrivningar og nedskrivningar per 31.12.2023</b>	<b>7 567</b>
Bokført verdi 01.01.2023	269
Tilgang i året	85
Avskrivningar og nedskrivningar i år	138
<b>Bokført verdi 31.12.2023</b>	<b>216</b>

Økonomisk levetid						0-5 år
<b>Investeringar dei siste 5 åra:</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>Sum</b>
Bilar, inventar, kontormaskinar og liknande	145	171	0	208	85	609

Kontormaskinar og administrative system blir avskrivne over 3 år. Inventar blir avskrive over 5 år. Gevinst og tap ved sal av driftsmidlar går fram som differanse mellom salspris og bokført verdi basert på bedriftsøkonomiske avskrivningar.

## Løpande leigekontraktar

Leigeobjekt	Leige 2023
Bilar	0
Kontormaskinar	73
<b>Sum</b>	<b>73</b>

Bokført som operasjonelle leigekontraktar

## Note 5 Kundefordringar

	2023	2022
Kundefordringar til pålydande	17 418	10 260
Avsetning til tap	585	100
<b>Balanseført verdi av kundefordringar 31.12</b>	<b>16 833</b>	<b>10 160</b>
Endring i avsetning til tap	0	
Realiserte tap	0	105
<b>Sum resultatførte tap på krav</b>	<b>0</b>	<b>105</b>

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.  
Alle kundefordringar forfell innan 1 år etter rekneskapsårets slutt.

Den markante endringa i kundefordringar skuldast eit monaleg høgare boksal i fjerde kvartal 2023 samanlikna med same kvartal i 2022. Administrasjonen vurderer risiko for tap som svært liten all den tid bokhandelsinnkjøpa er dekka under ei felles garantiordning organisert av Den norske forleggerforening.

## Note 6 Skatt

<b>Skattekostnad dette året</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Resultatført skatt på ordinært resultat		
Skatt som skal betalast	64	102
For mye avsatt tidligere år	-22	
Endring i utsett skattefordel	1 188	-1 437
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>1 230</b>	<b>-1 335</b>
Skatt av årets resultat	0	0
Skatt på formue	64	102
<b>Sum skatt i balansen som skal betalast</b>	<b>64</b>	<b>102</b>

Skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordeler, spesifisert på typar av førebelse skilnader:

	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>Endring</b>
Driftsmidlar	-134	-104	31
Varebeholdning	-5 647	-3 935	1 711
Fordringar	-2 124	-2 449	-325
Vinst- og tapskonto	1 118	1 398	280
<b>Sum</b>	<b>-6 787</b>	<b>-5 091</b>	<b>1 696</b>
Akkumulert underskot som kan framførast	-529	-7 625	-7 095
<b>Grunnlag for berekning av utsett skatt</b>	<b>-7 316</b>	<b>-12 716</b>	<b>-5 400</b>
<b>Utsett skatt</b>	<b>-1 610</b>	<b>-2 797</b>	<b>-1 188</b>

## Note 7 Eigenkapital

	<b>Aksjekapital</b>	<b>Annan eigenkapital</b>	<b>Sum eigenkapital</b>
Per. 31.12.2022	8 000	26 729	34 729
<b>Per 01.01.2023</b>	<b>8 000</b>	<b>26 729</b>	<b>34 729</b>
Korrigering feil tidligere år		-297	-297
Årets resultat		3 897	3 897
<b>Per 31.12.2023</b>	<b>8 000</b>	<b>30 329</b>	<b>38 329</b>

## Note 8 Aksjar og verdipapirfond per 31.12.2023

<b>Andre aksjar</b>	<b>Aksjekap</b>	<b>Eigardel %*</b>	<b>Pålydande</b>	<b>Aksjar</b>	<b>Kostpris</b>	<b>Bokført (Tal)</b>
Aksjar i						
Dag og Tid A/S	1	2,2 %	0	1	25	25
World Expression Forum AS	1 975	1 %	0	1	25	25
Nynorsk teaterforlag AS	30	49 %	0	0	15	15
<b>Sum</b>	<b>2 006</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2</b>	<b>65</b>	<b>65</b>

\* Eigardel = stemmedel

<b>Verdipapirfond per 31.12.2023</b>	<b>Marknadsverdi</b>	<b>Bokført</b>
DnB Likviditet	1 712	1 707
DnB Obligasjon	1 822	1 875
KLP aksjeglobal index	3 317	1 200
Landkreditt forvaltning	15 010	9 988
Landkreditt høyrente	2 205	2 192
<b>Sum verdipapir</b>	<b>24 065</b>	<b>16 962</b>
<b>Totalt bokført aksjar og verdipapir</b>		<b>17 027</b>

#### Note 9 Varer

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Varer i arbeid	3 537	281
Ferdigvarer	7 858	10 910
Ukurans	-9 757	-8 541
<b>Sum netto varelager</b>	<b>1 638</b>	<b>2 650</b>

#### Note 10 Bundne bankinnskot, trekkrettar

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Skattetrekkmidlar	1 762	2 342
Depositum - leige	951	951
<b>Sum</b>	<b>2 714</b>	<b>3 294</b>

# Verifikasjon

Transaksjon 09222115557511900769

## Dokument

Stiftinga Det Norske Samlaget årsmelding m rekn  
28.02.24\_  
Hoveddokument  
16 sider  
*Initiert på 2024-02-29 21:36:42 CET (+0100) av Edmund Austigard (EA)*  
*Ferdigstilt den 2024-03-01 09:56:07 CET (+0100)*

## Underskrivene

<p>Edmund Austigard (EA) Det Norske Samlaget <i>e.austigard@samlaget.no</i> +4748201320 <i>Signert 2024-02-29 21:36:42 CET (+0100)</i></p>	<p>Olin Johanne Henden (OJH) <i>ojohanne007@gmail.com</i> +4790089170 <i>Signert 2024-02-29 21:43:40 CET (+0100)</i></p>
<p>Solrun Toft Iversen (STI) <i>solrun.iversen@dns.no</i> +4795295876 <i>Signert 2024-03-01 09:56:07 CET (+0100)</i></p>	<p>Cecilie Seiness (CS) <i>c.seiness@samlaget.no</i> +4795109153 <i>Signert 2024-02-29 21:45:05 CET (+0100)</i></p>
<p>Sarah Sørheim (SS) <i>sarahsorheim@gmail.com</i> +4793429204 <i>Signert 2024-02-29 21:41:39 CET (+0100)</i></p>	<p>John-Ragnar Aarset (JA) <i>jraarset@hotmail.com</i> +4793037693 <i>Signert 2024-02-29 22:32:39 CET (+0100)</i></p>
<p>Stig Haug (SH) <i>stig@stigogstein.no</i> +4748003333 <i>Signert 2024-02-29 23:13:33 CET (+0100)</i></p>	<p>Svein Olav Langaker (SOL) <i>sveio@hotmail.com</i> +4794875365 <i>Signert 2024-02-29 22:22:54 CET (+0100)</i></p>

Denne verifiseringen ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signingsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: <https://scrive.com/verify>





Til årsmøtet i Stiftinga Det Norske Samlaget

## Melding frå uavhengig revisor

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Det Norske Samlaget som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar til rekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilet av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsmeldinga bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om ytterlegare informasjon inneholder vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om ytterlegare informasjonen inneholder vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneholder konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan



forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

#### **Konklusjon om forvaltning**

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtekten for øvrig.

Oslo, 28. februar 2024  
**PricewaterhouseCoopers AS**

Berit Alstad  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

## Revisjonsberetning

**Signers:**

Name	Method	Date
Alstad, Berit	BANKID	2024-02-28 18:19

 This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

## SAMLAGET SINE UTGIVINGAR I 2023

### *Utgivingar*

I alt 153 titlar, inkludert nye utgåver, e-bøker, lydbøker og billegbøker (pocket). 74 av titlane er papirbøker, og 79 av titlane er digitale bøker (lyd- og e-bøker). Av dei 79 bøkene i digitalt format, er 23 av titlane lydbøker (både nye bøker og backlist).

### *Skjønnlitteratur*

Vaksen skjønnlitteratur – nye titlar (29 titlar)

Økland, Einar	<i>Andre tider. (då og der) – (nå og her)</i>
Vuong, Ocean	<i>Tida er ei mor</i>
Uthaug, Maren	<i>11 %</i>
Strøm, Dordi	<i>Odel</i>
Sortland, Gaute M.	<i>Sanne historier</i>
Ruefle, Mary	<i>Fjomp</i>
Orten, Øystein	<i>Den bortkomne</i>
Nilssen, Olaug	<i>Uønska åtferd</i>
Nilssen, Olaug	<i>Eg vil vere her. Dikt til trøyst</i>
Madsen, Jenny Lund	<i>Tretti dagars mørke</i>
Løvhaug Harrison, Ellen	<i>Søv berre når du søv</i>
Labatut, Benjamín	<i>Det blinde lyset</i>
Kvæven, Tore	<i>Raudt støv. Bok I</i>
Kråkevik, Herborg (red.)	<i>Juleroser 2023</i>
Kolden, Ragnhild	<i>Krig</i>
Ingebrigtsen, Martin	<i>Bukk &amp; Sigd</i>

Gjerdåker, Johannes	<i>Gjendiktingar</i>
Fosse, Jon	<i>Morgen og kveld</i>
Fosse, Jon	<i>Trilogien</i>
Fosse, Jon	<i>Kvitlekik</i>
Fosse, Jon	<i>I svarte skogen inne</i>
Danielsen, Kristin Auestad	<i>Soga om oss og andre skodespel</i>
Bjørlykke, Oskar Stein	<i>Litle meg</i>
Bildøen, Brit	<i>Gult farevarsel</i>
Basso, Aina	<i>Eg rissa desse runene</i>
Barlien, Maren	<i>Einbreid bru</i>
Bakkevoll, Therese	<i>Tallboy</i>
Alakoski, Susanna	<i>Bomullsengelen. Bomullskvartetten. Bok I.</i>
Arlen, Kaisa	<i>Eit større regn</i>

Vaksen skjønnlitteratur – billegbøker/pocket (13 titlar)

Uthaug, Maren	<i>Og sånn blei det</i>
Totland, Anders	<i>Til jord skal du bli</i>
Ravatn, Agnes	<i>Gjestene</i>
Fosse, Jon	<i>Stengd gitar</i>
Fosse, Jon	<i>Raudt, svart</i>
Fosse, Jon	<i>To forteljingar</i>
Fosse, Jon	<i>Morgen og kveld</i>
Fosse, Jon	<i>Melancholia</i>

Fosse, Jon	<i>Naustet</i>
Fosse, Jon	<i>Prosa frå ein oppvekst</i>
Fosse, Jon	<i>Det er Ales</i>
Ferrante, Elena	<i>Dei vaksnes løgnaktige liv</i>
Bye, Kari Anne	<i>Eg et før eg kjem</i>

*Voksen skjønnlitteratur – e-bøker (31 titlar)*

Økland, Einar	<i>Andre tider. (då og der) – (nå og her)</i>
Vuong, Ocean	<i>Tida er ei mor</i>
Uthaug, Maren	<i>11 %</i>
Strøm, Dordi	<i>Odel</i>
Sortland, Gaute M.	<i>Sanne historier</i>
Ruefle, Mary	<i>Fjomp</i>
Orten, Øystein	<i>Den bortkomne</i>
Nilssen, Olaug	<i>Uønska åtferd</i>
Madsen, Jenny Lund	<i>Tretti dagars mørke</i>
Løvhaug Harrison, Ellen	<i>Søv berre når du søv</i>
Labatut, Benjamín	<i>Det blinde lyset</i>
Kvæven, Tore	<i>Raudt støv. Bok I</i>
Kolden, Ragnhild	<i>Krig</i>
Ingebrigtsen, Martin	<i>Bukk &amp; Sigd</i>
Gjerdåker, Johannes	<i>Gjendiktingar</i>
Fosse, Jon	<i>Det er Ales</i>

Fosse, Jon	<i>Naustet</i>
Fosse, Jon	<i>Prosa frå ein oppvekst</i>
Fosse, Jon	<i>Morgen og kveld</i>
Fosse, Jon	<i>To forteljingar</i>
Fosse, Jon	<i>Raudt, svart</i>
Fosse, Jon	<i>Kvitleik</i>
Fosse, Jon	<i>I svarte skogen inne</i>
Danielsen, Kristin Auestad	<i>Soga om oss og andre skodespel</i>
Bjørlykke, Oskar Stein	<i>Litle meg</i>
Bildøen, Brit	<i>Gult farevarsel</i>
Basso, Aina	<i>Eg rissa desse runene</i>
Barlien, Maren	<i>Einbreid bru</i>
Bakkevoll, Therese	<i>Tallboy</i>
Alakoski, Susanna	<i>Bomullsengelen. Bomullskvartetten. Bok I</i>
Arlen, Kaisa	<i>Eit større regn</i>

*Barne- og ungdomsbøker – nye titlar (15 titlar)*

Øverbye, Anja Dahle	<i>Tarjei, 13 år</i>
Thon, Ingunn	<i>Full bajas</i>
Söderberg, Marta	<i>Det verste har allereie skjedd</i>
Strassegger, Peter F.	<i>Kvil i fred</i>
Stai, Kari	<i>Er det sant at</i>

Røssland, Tor Arve	<i>Den siste krigen</i>
Parr, Maria Illustrert av Åshild Irgens	<i>Oskar og eg</i>
Neverdahl, Ida Eva	<i>Rulling i rommet (Leseland nivå 1)</i>
Moldskred, Åshild	<i>Trollmoll</i>
Løvåsen, Sigmund	<i>Tusen elgar i garasjen</i>
Lillegraven, Ruth Illustrert av Mari Kanstad Johnsen	<i>Badesommar. Dikt for barn.</i>
Hestad, Kari Mathilde	<i>Sceneskifte</i>
Hansen, Sigrid Agnethe	<i>Du veit ingenting</i>
Grande, Martine	<i>Stor</i>
Engedal, Marianne Gretteberg	<i>Verdas rikaste tjuv</i>

### Barne- og ungdomsbøker – e-bøker (12 titlar)

Thon, Ingunn	<i>Full bajas</i>
Söderberg, Marta	<i>Det verste har allereie skjedd</i>
Strassegger, Peter F.	<i>Kvil i fred</i>
Røssland, Tor Arve	<i>Den siste krigen</i>
Parr, Maria Illustrert av Åshild Irgens	<i>Oskar og eg</i>
Moldskred, Åshild	<i>Trollmoll</i>

Løvåsen, Sigmund	<i>Tusen elgar i garasjen</i>
Lillegraven, Ruth Illustrert av Mari Kanstad Johnsen	<i>Badesommar. Dikt for barn.</i>
Hestad, Kari Mathilde	<i>Sceneskifte</i>
Hansen, Sigrid Agnethe	<i>Du veit ingenting</i>
Grande, Martine	<i>Stor</i>
Engedal, Marianne Gretteberg	<i>Verdas rikaste tjuv</i>

### Sakprosa

*Sakprosa for allmennmarknaden – nye titlar (11 titlar)*

Fosse, Jon	<i>Nobelforedraget</i>
Ylvisåker, Line Nagell	<i>Anneleilandet Svalbard. Små liv i storpolitikken</i>
Ravatn, Agnes	<i>Alle mot alle. Essay, artiklar og gjeldsbrev</i>
Isungset, Odd	<i>Blodspora frå Dagaliveien. Rushdie-saka og attentatet mot William Nygaard</i>
Hatterud, Bjørn	<i>Blokka på Bjerke. Tretten år i tredje etasje</i>
Fridtun, Kristin	<i>Klok kvinne eller digg dame?. Eit stridsskrift om kjønn og Håvamål-omsetjing</i>

Fridtun, Kristin	<i>Nynorsk for dumskallar</i>
Fidjestøl, Alfred	<i>Noregs musikkhøgskole. Femti år med notar, unotar og fotnotar</i>
Eskeland, Ståle	<i>Sinnamekker'n bilalbum. Bilar med sjel</i>
Digervold, Thomas	<i>Den store norske siderguiden</i>
Berge, Birger	<i>Nordisk mønsterstrikk</i>

*Sakprosa for allmennmarknaden – e-bøker (8 titlar)*

Fosse, Jon	<i>Nobelforedraget</i>
Tjensvold, Trude	<i>Vi roper i skogen</i>
Ylvisåker, Line Nagell	<i>Annleislandet Svalbard. Små liv i storpolitikken</i>
Ravatn, Agnes	<i>Alle mot alle. Essay, artiklar og gjeldsbrev</i>
Ovesen, Håvard	<i>Arvid Mæland. Mitt liv som cowboy. Fortalt til Håvard Ovesen</i>
Isungset, Odd	<i>Blodspora frå Dagaliveien. Rushdie-saka og attentatet mot William Nygaard</i>
Hatterud, Bjørn	<i>Blokka på Bjerke. Tretten år i tredje etasje</i>

Fridtun, Kristin	<i>Klok kvinne eller digg dame?. Eit stridsskrift om kjønn og Håvamålomsetjing</i>
------------------	--

*Sakprosa for allmennmarknaden – pocket (1 titlar)*

Sandberg, Sigri	<i>Ro. Om Sognefjorden og ein lang rotur heim</i>
-----------------	---

*Høgare utdanning – nye titlar (5 titlar)*

Vikør, Knut S.	<i>Maghreb - Nordafrika etter 1800</i>
Storø, Jan og Einar Aadland	<i>Profesjonsetikk for barnevernspedagogar</i>
Lysø, Knut Ole	<i>Statistisk analyse med SPSS</i>
Hellesø, Ragnhild og Randi Opheim	<i>Samhandling i helsetenesta</i>
Fossbråten, Liv Anne	<i>Berre på leik</i>

*Høgare utdanning – e-bøker (5 titlar)*

Vikør, Knut S.	<i>Maghreb - Nordafrika etter 1800</i>
Storø, Jan og Einar Aadland	<i>Profesjonsetikk for barnevernspedagogar</i>
Lysø, Knut Ole	<i>Statistisk analyse med SPSS</i>
Hellesø, Ragnhild og Randi Opheim	<i>Samhandling i helsetenesta</i>
Fossbråten, Liv Anne	<i>Berre på leik</i>

## Anna

*Lydbøker, alle sjangrar (23 titlar)*

Uthaug, Maren	11 %
Totland, Anders	<i>Vintertonar</i>
Skomsvold, Kjersti Annesdatter	<i>Et barn er født</i>
Nilssen, Olaug	<i>Uønska åtferd</i>
Madsen, Jenny Lund	<i>Tretti dagars mørke</i>
Kvæven, Tore	<i>Raudt støv. Bok I</i>
Kolden, Ragnhild	<i>Krig</i>
Heivoll, Gaute	<i>Lenge var huset stille</i>
Fuglehaug, Randi	<i>Lukta av snø</i>
Fosse, Jon	<i>Prosa frå ein oppvekst</i>
Fosse, Jon	<i>Kvitleik</i>
Fløgstad, Kjartan	<i>Treet i tårnet</i>
Bildøen, Brit	<i>Gult farevarsel</i>
Alakoski, Susanna	<i>Bomullsengelen. Bomullskvartetten. Bok I</i>
Thon, Ingunn	<i>Full bajas</i>
Strassegger, Peter F.	<i>Kvil i fred</i>
Røssland, Tor Arve	<i>Den siste krigen</i>
Parr, Maria	<i>Oskar og eg</i>
Tokvam, Finn og Lothe, Leif Einar	<i>Lothepus</i>
Ovesen, Håvard	<i>Arvid Mæland. Mitt liv som cowboy. Fortalt til Håvard Ovesen</i>

Isungset, Odd	<i>Blodspora frå Dagaliveien. Rushdie-saka og attentatet mot William Nygaard</i>
Hatterud, Bjørn	<i>Blokka på Bjerke. Tretten år i tredje etasje</i>
Ali, Sumaya Jirde	<i>Ikkje ver redd sånne som meg</i>